FOLKEBIBLIOTEK I HORDALAND
ÅRSSTATISTIKK 2004

Om statistikkføringa
Vi har førebels ikkje fått tilgang til den nasjonale statistikken og det er difor ikkje mogeleg å gjere alle dei samanlikningane med landsgjennomsnittet som vi gjerne ville.

Kommentaren og excel-skjema med tala for kvart enkelt bibliotek ligg også ute på Internett.
http://www.hordaland-f.kommune.no/fylkesbibl/Statistikk/Default.htm

NB! Fram til og med 2001 blei statistikken rekna ut med barn opp t.o.m. 12 år og vaksne f.o.m. 13 år. Frå og med 2002 har vi fått folketal både med denne inndelinga og med inndelinga barn t.o.m. 14 år og vaksne f.o.m. 15 år. Den siste inndelinga er i følgje ABM-utvikling den som blir brukt internasjonalt og det er derfor naturleg å gå over til denne for å kunne gjere ei skikkeleg samanlikning med andre land. I år er alle gjennomsnittstal rekna ut med den nye aldersfordelinga, men folketal med gammal fordeling er også oppgitt slik at kvar enkelt bibliotek sjølv kan rekne ut samanliknbare tal med åra før 2002 dersom dei ønskjer det.

OVERSYN
I Hordaland er det 74 (78)* bibliotekavdelingar. Det er bokbuss i 8 (9) kommunar og fylket har ein bokbåt med i alt 53 (53) stoppestader fordelt på 21 kommunar. Dei mobile einingane har i alt 338 (322) stoppestader i fylket.

ØKONOMI
Den generelt dårlege kommuneøkonomien viser også igjen på folkebiblioteka sin økonomi. Medieløyvingane for 2004 gjekk ned til kr.13 706 803,- (14 002 736,-), noko som utgjer kr.30,80 (31,70) pr. innbyggjar. Dette er det lågaste nivået sidan 1997. Landsgjennomsnittet pr. innbyggjar er i skrivande stund ikkje klart, men gjennomsnittet for Hordaland 2004 ligg over landsgjennomsnittet for 2003 som var på kr. 29,43 (29,91).

Medieløyving pr. innbyggjar er eit tal som alltid varierer frå kommune til kommune. Sjølv med ei kraftig nedskjæring i mediebudsjettet er Modalen som vanleg i ei særstilling med ei medieløyving på kr. 253,84 (398,10) pr. innb. Fedje kjem på andreplass med kr.110, 88 (100,36) pr. innb. Og Ulvik på tredje med kr. 98,21 (95,75) pr. innb.

Den generelle nedgangen i medieløyvingane ser vi igjen i at det i 2004 var det 5 (4) kommunar i fylket som løyvde mindre enn kr. 20,- pr. innb. til mediekjøp. Bergen har også hatt ein liten nedgang og hadde i 2004 ei medieløyving på kr. 29,68 (29,97) pr. innbyggjar.

* Tala i parentes gjeld 2003

I Hordaland blei det i gjennomsnitt løyvd kr. 226,29 (227,96) pr. innb. til drift av folkebibliotek i 2004. Det er vanskeleg å samanlikne løyvingar for drift mellom kommunane. T.d. betalar ikkje alle folkebibliotek husleige og dette gjer utslag i store forskjellar i løyvingar pr. innbyggjar til drift. (Sjå Diagram 1 og 2)

PERSONALE

I Hordaland har 22 (22) kommunar av 33 fagutdanna biblioteksjef. Berre 19 (17) av 33 kommunar har biblioteksjef i full stilling.

Gjennomsnittleg årsverk pr. 1000 innb. for Hordaland heldt seg ganske stabilt og ligg på 0,38 (0,38). Dei to minste kommunane i fylket, Fedje og Modalen, har over eitt årsverk pr. 1000 innb. 8 (9) kommunar har mindre enn 0,3 årsverk pr. 1000 innb. Hordaland ligg framleis litt under landsgjennomsnittet for 2003 som var 0,41 (0,42.) (Sjå Diagram 3)

MEDIEBESTAND

Den totale tilveksten av bøker var i 2004 på 85 759 (90 326). Dette er ein kraftig nedgang på 4567 bøker. Dersom ein samanliknar med 2002 er nedgangen på heile 12 556 bøker.

Tilveksten av andre media har derimot auka I 2004 var den totale tilveksten av andre media på 25 328 (17 968). Den totale bestanden av lydbøker i Hordaland ligg no på 34 291 (28 117), video/dvd på 31 438 (23 854), Cd-rom 2 693 (2 629) og musikkinnspelingar 52 971 (51 161). Video/dvd utgjer den største auka.

UTLÅN OG BESØK

Bokutlånet hadde igjen ein god oppgang i 2004. Det totale bokutlånet i 2004 var på 1 878 771 (1 803 514). Bokutlånet til både barn og vaksne steig til 783 415 (720 853) for barn og 1 095 356 (1 082 661) for vaksne. (Sjå Diagram 4)

Utlånet av andre media enn bøker hadde og ei auke og var i 2004 på 886 235 (877 944). Av dette utlånet står Bergen Off. Bibliotek for heile 647 404 (639 647), dvs. 73% (72,9 %). Andre media enn bøker utgjer 9,7% (8,8%) av bestanden og står for heile 32% (32,7%) av utlånet.

I tillegg kjem 24 160 (26 760) utlån som vart gjort på bokbåten.

Bokutlån i Hordaland:

	2004	**2003**	**2002**	**2001**
Pr. Barn 0-14 år	8,45	7,77	7,36	
Pr. Barn 0-12 år			8,42	8,37
Pr. Vaksne 15- år	3,11	3,10	3,01	
Pr. Vaksne 13- år			2,91	2,95

Det totale utlånet ved folkebiblioteka i Hordaland gjekk altså kraftig opp frå 2003 til 2004. Eit totalutlån på 2 765 006 (2 681 458) utgjer ei auke på 3,1%. Utlånet pr. innbyggjar var på 6,21 (6,07). (Sjå Diagram 5)

* Tala i parentes gjeld 2003

Sjølv om det totale utlånet har gått opp for heile Hordaland, er det likevel store variasjonar i kommunane. Fusa kommune hadde den største auka i totalutlånet med heile 38,3%, og har med det tatt igjen mykje av nedgangen frå året før. 9 (11) kommunar hadde ei auke i totalutlånet på over 10%. Dei fleste kommunane har mindre endringar i utlånet. Kommunen med størst nedgang er Tysnes med ein nedgang på 26,6%. Til saman 3 (4) kommunar hadde ein utlånsnedgang på over 10%.
Talet på registrerte besøk i biblioteka har halde seg ganske stabilt dei siste to åra. I alt 2 445 754 (2 460 491) personar besøkte biblioteka i fjor. Det reelle talet er truleg større sidan det også i 2004 er 6 bibliotek som ikkje har registrert besøk. 66,7% av desse besøka kom i Bergen. Talet på førespurnader gjekk litt tilbake til 313 281 (327 227). Dette er også eit tal med store feilmarginar sidan 6 av biblioteka ikkje har registrert tal på førespurnader.

IT OG INTERNETT
54 (52) bibliotekavdelingar av totalt 74 (78) avdelingar har Internett for publikum. Mellom desse er alle hovudbiblioteka. Alle folkebiblioteka har eigne heimesider med varierande innhald. 24 (19) kommunar har katalogen sin på Internett.

FJERNLÅN
For heile fylket var det totale innlånet frå andre bibliotek 19 798 (21 475) og innlånet pr. 100 innbyggjar er no 4,45 (4,86). Her er det igjen store forskjellar mellom kommunane. Som i fjor toppar Ulvik lista med 45,19 (33,56) innlån pr. 100 innb. Bergen ligg på den andre enden av lista med eit innlån på 0,91 (0,94) pr. 100 innb. Landsgjennomsnittet for 2003 var på 6,13. (Sjå Diagram 6)

* Tala i parentes gjeld 2003